

SAK 36/24 FINANSIERING AV NESBYEN SIN DEL AV ETABLERERTENESTA

Saksopplysning:

I sak 62/21, samarbeidsavtale mellom Regionrådet i Hallingdal og Viken fylkeskommune om drift av etablerertenesta i perioden 2022-2025, vart det fatta slikt vedtak.

1. *Regionrådet vedtek samarbeidsavtale for etablerertenesta 2022 - 2025 og rår kommunane til legge kostnaden inn i sine budsjett.*
2. *Rådsordførar får fullmakt til å signere avtala med avtalepartane.*

Avtalepartane er altså Viken fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, på vegne av kommunane i Hallingdal. Avtala vart signert av regionrådsordførar hausten 2021 og gjeld ut 2025. Alle kommunar vart med på avtala og har lagt dette inn i sine budsjett. Etter at Viken vart oppløyst har Buskerud teke over Viken si rolle. Avtala har eit års oppseiingstid.

Frå 2022 og fram til i dag har avtala fungert bra og det er i dag fleire nyetablerarar i Hallingdal enn nokon gong før. Det er i dag knytt 1,2 årsverk til tenesta, der 70% er fast og 50% er midlertidig.

Formålet med samarbeidsavtala om drift av etablerertenesta var å sikre drift og finansiering av etablerertenesta i dåverande Viken fylke. I avtala forplikta Viken seg til å gå inn med 5,50 pr. innbyggjar eller om lag kr. 120 000 totalt. Reisten av budsjettet på om lag 1,2 mill. blir dekt av kommunane. Dette har kommunane forplikta seg til gjennom avtala. Nesbyen sin del av dette spleiselaget er om lag kr. 180 000 pr. år.

I budsjettvedtaket i des. 2023 vedtok kommunestyret i Nesbyen å halvere Nesbyen si innbetaling til etablerartenesta i 2024 og gå ut av ordninga frå 2025 på grunn av økonomien i kommunen.

Vurdering:

Det kan sjå ut som om det er fatta to motstridande vedtak i Nesbyen kommunestyre. Først vart det i 2021 godkjent ei avtale med fylkeskommunen om å vera ein del av Hallingdal etablererteneste ut 2025, og så vart det i 2023 vedteke å halvere Nesbyen si innbetaling til etablerartenesta i 2024 og gå ut av ordninga frå 2025 på grunn av økonomien i kommunen. Regionrådet ønskjer med denne saka å drøfte kva ein kan gjera regionalt for å løyse dette.

Når Nesbyen har vedtatt å halvere betalinga til etablerartenesta i år og gå heilt ut neste år, reiser det fleire spørsmål. Kva skjer med dei tilsette i etablerartenesta om noko av budsjettet blir redusert midt i året? Korleis skal etablerartenesta handtere at ein av partane vil ut til tross for signert avtale – og er me sikre på at det er dette Nesbyen vil? Om Nesbyen ikkje kan betale, skal ein då nekte gründerar i Nesbyen kommune støtte frå etablerartenesta eller har regionen eit ansvar for å støtte Nesbyen i ei vanskeleg tid

I dag følgjer etablerartenesta opp 44 nyetablerarar i Hallingdal. 8 av desse er frå Nesbyen kommune. Desse 8 jobbar med bedriftsidear som kan koma heile Hallingdal til gode. Dagleg leiar meiner at me som bu og arbeidsregion ikkje kan kutte dette tilbodet til nesningane fordi økonomien er dårleg. Dette alternativet er derfor ikkje utgreidd

Dei alternativa me står att med då er:

Gå tilbake til Nesbyen kommunestyre og høyre kva dei meiner om at dei er bundne av ei avtale som dei ikkje har midlar til å stå i. Vil kommunestyret gjera om vedtaket om reduksjon av midlane til etablerartenesta og bli ståande i ordninga, vil dei si opp avtala og gå ut av ordninga etter eit år eller vil dei be om midlertidig hjelp frå regionen.

Om Nesbyen ikkje har midlar til å løyse dette sjølv, kan regionen tilby Nesbyen å betala deira del av etablerartenesta sitt fond. Dette fondet er på om lag kr 900 000 og er akkumulert over år av mindreforbruk på midlar som er betalt inn frå kommunane. Fondet tilhøyrer dermed kommunane, det skal reduserast og kan nyttast til dette formålet. Ein kan enten tilby seg å betale halve «kontingenten» til Nesbyen i år, ca 90 000 og heile «kontingenten» neste år ca 180 000, eller ein kan ta eit år i slengen. Ein kan velje å betale det utan vilkår, eller med ein intensjon om at Nesbyen betalar det attende i løpet av 3-4 år.

Forslag til vedtak:

1. Regionrådet spør Nesbyen kommunestyre om dei ønskjer å løyse finansieringa av etablerarteneste i år og neste år sjølv eller om dei treng regional støtte.
2. Om Nesbyen ber om regional støtte vil Nesbyen sin del av finansieringa av etablerartenesta i 2024 og 2025 kunne bli betalt av det regionale fondet til etablerartenesta, med intensjon om tilbakebetaling i løpet av 2026.

Hallingdal, 25. mai 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar